



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1698 - 17/14269

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

05.07.2017

Høring - GBNR 27/17 - Søknad om dispensasjon for etablering av veg og bruksendring av fritidsbustad - Moldekleiv

Saka gjeld:

Ansvarleg søkjar, Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS v/Pål-Jøran Carlsen, har på vegne av tiltakshavar, Ottar Arne Bøstrand, søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for etablering av vegtilkomst til gbnr. 27/17 og for bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad. Vegtilkomst er vist på vedlagte kart.

Planstatus:

Meland kommunestyre vedtok 17.6.2015 ny kommuneplan (KPA) med rettsleg bindande arealplankart og føresegner. Den omsøkte eigedomen er i KPA satt av til landbruks-, natur- og friluftsmål (LNF), men med status som spreidd fritidsbustad, jf. føresegn 3.2.3 tabell 9.2 til KPA.

Det ovannemnde inneber at det kan gjennomførast enkelte mindre tiltak på eigedomen i samsvar med eksisterande bruk, utan at det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet LNF, jf. føresegn 3.2.2 til KPA. Etablering av veg til eigedomen og bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad er ikkje eit tiltak som er omfatta av denne føresegna. Tiltaka krev difor dispensasjon frå arealformålet LNF.

Søknaden omfattar også søknad om dispensasjon frå veglova si byggjegrænse på 15 meter, jf. veglova § 29 andre ledd.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv får ansvarleg søkjar søkt om dispensasjon, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Dispensasjon:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak reglane det vert søkt dispensasjon frå, og frå plan- og bygningslova § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-5 tredje ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon frå LNF formålet
Søknad om dispensasjon for utført tiltak i LNF område
kart

Kopi til:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6 5914 ISDALSTØ
AS

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune

5020

BERGEN

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER